

Odda Mållag

Årsmøte 2014 i Ungdomshallen i Odda : Søndag 2.mars kl. 18.00

Det var i alt 15 frammøtte - irekna leiar i Noregs Mållag; Marit Aakre Tennø

Leiar i laget Knut O: Dale ynskte velkomen og opna møtet

Sakliste:

1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen hadde merknader til innkallinga. Til sakslista : Sak 7 vert : Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag og Noregs Mållag. Sak 7; Målprisen vart ny sak 8.

2: Val av ordstyrar, referent og to protokollunderskrivarar.

Følgjande vart valde samrøystes og utan motkandidatar:

Ordstyrar: Terje Kollbotn. Referent Harald Jordal. Protokollunderskrivarar: Jorid Ystanes og Turid Asting Solberg.

3: Godkjenning av årsmelding.

Årsmeldinga var sendt ut til alle medlemene og vart difor heller ikkje lesen opp då ingen ba om det.

Årsmeldinga vart samr. godkjent utan merknader eller endringar.

4: Godkjenning av rekneskapen.

Rekneskapen, ført av kasserar Marit B. Mannsåker med revisjonsmelding av Gerd K. Hereide, vart delt ut i møtet. Revisor Gerd K. Hereide las opp revisjonsmeldinga.

Rekneskapen og revisjonsmeldinga vart godkjent samr. utan spørsmål eller merknader.

5: Val av styre.

Valnemnda ved Brita Jordal la fram slik forslag lese av ordstyrar Kollbotn :

Lelar 1 år : Knut O. Dale – attval

Styremedlemer : 2 år : Gry Folkvord og Harald Jordal – begge attval

(Styremedlemer ikkje på val: Harry Solberg og Solveig Grønlien)

Varaliste 1 år: 1. Ingvild Jøsendal 2. Håkon Tverdal og 3. Marit B. Mannsåker *

*opplysing; 3.vara tek på seg vervet som kasserer i laget for komande år

Revisor 1 år : Gerd K. Hereide - attval

Alle kandidatar vart valde med handklapp og utan motkandidatar. Separate val for leiar og styremedlemer. Varalista under eitt

6: Val av valnemnd.

Medlem : Svein Gjørsv og Brita Jordal ønskjer å gå ut. Forslag i møtet: 1. Jorid Ystanes 2. Øystein Kambestad 3. Turid Asting Solberg . Bleie Mannsåker foreslo : For å sikra god rullering i valnemnda går posisjon 1 ut kvart år og vert supplert med nytt medlem nr 3 på kvart årsmøte.

Dei foreslegne medlemene med Bleie Mannsåket sitt valtekniske prinsipp vart samr vedtekne

7: Val av utsendingar

Slikt samrøystes vedtak vart fatta; Årsmøtet i Noregs Mållag 4.- 6 april på Gardermoen

1. Terje Kollbotn
2. Knut O. Dale
3. Gry Folkvord

Varaliste : Resten av styret i rekkjefølge

Slikt samrøystes vedtak vart fatta; Årsmøtet i Hordaland Mållag 14.- 16. mars i Øystese

Styret møter med inntil 3 av dei som har høve. Leiar koordinerer påmeldinga På skulemålsseminaret deltek Terje Kollbotn etter eige ynskje. Kostnadene vert dekkja av Odda Mållag

8. Vedtak om tildeling av Målprisen 2012.

Styret ved Knut O. Dale la munnleg fram slikt forslag : Hans Henrik Løken - sportsjournalist i NRK Fjernsynet . Skriftleg grunngjeving vil bli utarbeidd i morgon (Pressemelding)

Vedtak : Årsmøtet slutta samrøystes opp om forslaget

Møtet slutt ca. kl 18.35 og ordstyrar takka for seg

Nyvald leiar Knut O. Dale takka for tilliten og skisserte ein del aktuelle saker

Odda 02.03.2014



Jorid Ystanes

Protokollunderskrivar 1



Turid Asting Solberg

Protokollunderskrivar 2

Til slutt hadde Harry Solberg trekking av 5 målkoppar på inngangsloddet

Etter årsmøtet var det ope møte med vekt på språkdelinga på Ungdomskulen i Odda- «Oddamodellen», og det leiar i NM Marit Aakre Tennø innleidde om språkstoda i landet og med førebudde innlegg av Terje Kollbotn og Harald Jordal om bakgrunn og innhald i «Oddamodellen» - som er eit prinsipp for klassedeling basert på foreldra sine målval i heile grunnskuleløpet.